

**FOR 2006-11-08 nr 1227: Forskrift om tilskot til avløyning**

Skriv ut



**DATO:** FOR-2006-11-08-1227  
**DEPARTEMENT:** LMD (Landbruks- og matdepartementet)  
**AVD/DIR:** Landbrukspolitisk avd.  
**PUBLISERT:** I 2006 hefte 14  
**IKRAFTTREDELSE:** 2007-01-01  
**SIST-ENDRET:** [FOR-2012-11-30-1113](#) fra 2013-01-01  
**ENDRER:** [FOR-1998-11-23-1086](#)  
**GJELDER FOR:** Norge  
**HJEMMEL:** [LOV-1995-05-12-23-§3](#), [LOV-1995-05-12-23-§18](#)  
**SYS-KODE:** BG14a  
**NÆRINGSKODE:** 1  
**KUNNGJORT:** 14.11.2006  
**RETTET:**  
**KORTTITTEL:** Forskrift om tilskot til avløyning

**For å lenke til dette dokumentet bruk:** <http://www.lovdata.no/cgi-wift/ldles?doc=/sf/sf/sf-20061108-1227.html>

**INNHold**[Forskrift om tilskot til avløyning](#)[§ 1. Føremål](#)[§ 2. Tilskot til avløyning](#)[§ 3. Grunnvilkår](#)[§ 4. Avgrensingar som følge av eigartilhøve og økonomiske interesser mv.](#)[§ 4a. Unntak frå avgrensingane i § 4](#)[§ 5. Tilskot til avløyning ved ferie og fritid](#)[§ 6. Generelle vilkår etter § 7 – § 10 for tilskot til avløyning ved sjukdom mv.](#)[§ 7. Tilskot ved sjukdom](#)[§ 8. Tilskot ved svangerskap, fødsel, og adopsjon av barn under 15 år](#)[§ 9. Tilskot ved sjukt barn](#)[§ 10. Tilskot ved dødsfall](#)[§ 11. Reduksjon i tilskot ved sjukdom mv.](#)[§ 12. Søknad og utbetaling](#)[§ 13. Administrasjon, dispensasjon og klage](#)[§ 14. Opplysningsplikt og kontroll](#)[§ 15. Retting og avkorting av tilskotet mv.](#)[§ 16. Kva tid forskrifta tek til å gjelde](#)**Forskrift om tilskot til avløyning**

**Heimel:** Fastsett av Landbruks- og matdepartementet 8. november 2006 med heimel i lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova) § 3 og § 18 og etter samråd med Norsk Bonde- og Småbrukarlag og Norges Bondelag.

**Endringar:** Endra ved forskrifter 28 juni 2007 nr. 731, 22 okt 2007 nr. 1168, 26 juni 2008 nr. 730, 5 feb 2010 nr. 117, 6 juli 2010 nr. 1070, 23 des 2011 nr. 1502, 30 nov 2012 nr. 1113.

Vert endra 1 jan 2014 ved forskrift 4 okt 2013 nr. 1202.

**§ 1. Føremål**

Føremålet med tilskot etter denne forskrifta er å medverke til å dekkje kostnadene til avløyning i jordbruket.

**§ 2. Tilskot til avløyning**

Som tilskot etter denne forskrifta vert rekna tilskot til avløyning ved ferie og fritid, og tilskot til avløyning ved sjukdom mv. Tilskotet vert utrekna med grunnlag i føresegnar om satsar og definisjonar m.m. fastsett i eller i medhald av

jordbruksoppgeret.

### § 3. Grunnvilkr

Tilskot etter denne forskrifta kan gjevast fretak som driv vanleg jordbruksproduksjon p ein eller fleire landbrukseigedomar, dersom verksemda er registrert i Einingsregisteret og

- a) registrert som meirverdiavgiftspliktig etter lov 19. juni 2009 nr. 58 om merverdiavgift § 2-1 (1) og kan levere omsetnadsoppgve som landbruksfretak etter same lov § 15-4 (1), eller
- b) har hatt ein samla omsetnad og uttak av avgiftspliktige varer og tenester p til saman minimum kr 20 000 i lpet av dei siste 12 mnadane fr den registreringsdato som er fastsett i eller i medhald av jordbruksoppgeret for sknad om tilskot.

Tilskot etter denne forskrifta kan berre gjevast der avlysaren er minst 16 r, og ikkje har nringsinntekt fr fretaket eller er ektemake eller sambuar til ein som har nringsinntekt fr fretaket.

0 Endra ved forskrifter 28 juni 2007 nr. 731 (i kraft 1 juli 2007), 6 juli 2010 nr. 1070. Vert endra 1 jan 2014 ved forskrift 4 okt 2013 nr. 1202.

### § 4. Avgrensingar som flgje av eigartilhve og konomiske interesser mv.

Tilskot etter denne forskrifta kan ikkje gjevast fretak som

- a) har sams eigarinteresser og som skjer tilskot til same produksjon,
- b) samarbeider i ein slik grad at dei m reknast for  ha sams konomiske interesser i produksjonen (driftsfellesskap) og som skjer tilskot til same produksjon, eller
- c) heilt eller delvis vert eigd av aksjeselskap eller samvirkefretak.

Sams eigarinteresser vil liggje fre der fretaket som skjer om tilskot etter denne forskrifta heilt eller delvis vert eigd av nokon som har eigarinteresser i andre fretak som skjer om tilskot til same produksjon. Det same vil gjelde der fretaket heilt eller delvis vert eigd av andre fretak som sjlve skjer om tilskot til same produksjon.

Sams konomiske interesser i produksjonen (driftsfellesskap) vil liggje fre der fretak samarbeider om produksjonen i ein slik grad at det vert oppndd stordriftsfordelar. Om det ligg fre sams konomiske interesser i produksjonen vil kome an p graden av sams konomi, maskinpark, driftsopplegg eller arbeidsinnsats mv.

Med tilskot til same produksjon meiner tilskot til husdyr, slik dette er definert i eller i medhald av jordbruksoppgeret.

Eit fretak reknast for  vere ramma av avgrensingane i fyrste ledd dersom fretaket etter pbod fr kommunen, fylkesmannen eller Statens landbruksforvaltning ikkje kan godtgjere at det ikkje ligg fre slike tilhve.

Tilskot etter denne forskrifta kan ikkje gjevast til skular og andre offentlege og private institusjonar.

0 Endra ved forskrift 26 juni 2008 nr. 730 (i kraft 1 juli 2008).

#### § 4a. Unntak fr avgrensingane i § 4

Avgrensingane for eigartilhve i § 4 fyrste ledd er ikkje til hinder for at eit fretak kan gjevast tilskot ved ferie og fritid i tilfelle der aksjeselskap eller samvirkefretak er eigar av landbrukseigedom. Disse avgrensingane er heller ikkje til hinder for at fretak som har eigarinteresser i slike selskap kan gjevast tilskot.

Fretak som blir eigd heilt eller delvis av deltakar i samdrift som nemnt i forskrift 23. desember 2011 nr. 1502 om kvoteordningen for melk § 5, kan gjevast tilskot til avlysing for andre dyreslag enn dei som samdrifta disponerer, dersom det ikkje ligg fre sams konomiske interesser (driftsfellesskap) i husdyrproduksjonane.

0 Tilfyd ved forskrift 26 juni 2008 nr. 730 (i kraft 1 juli 2008), endra ved forskrift 23 des 2011 nr. 1502 (i kraft 1 jan 2012).

### § 5. Tilskot til avlysing ved ferie og fritid

Tilskot til avlysing ved ferie og fritid kan gjevast fretak med husdyrhald. Tilskotet vert fastsett ut fr totalt tal husdyr som blir disponert av fretaket p det tidspunkt eller i den perioden som er fastsett i eller i medhald av jordbruksoppgeret.

For enkeltpersonfretak gjevast slikt tilskot til dekking av dokumenterte lnsutgifter til avlysar, utgifter til landbruksvikar, eller utgifter til kjøp av avlysartenester fr eit avlysarlag eller ein avlysarring.

Ved overdraging av verksemd i løpet av året, blir tilskotet fordelt mellom føretaka etter den månaden overdraginga skjer. Føretaket må melde frå om endringa til kommunen. Maksimalt tilskot vert gjort gjeldande som grunnlag for tilskot frå og med månaden etter overdraginga av verksemda. Føretak som går inn i samdrift i mjølkeproduksjon i løpet av året, får behalde tilskotet som vart fastsett pr. 1. januar ut året. Føretak som går ut av slik samdrift i løpet av året får fastsett nytt avløysartilskot etter søknad pr. 1. januar året etter.

#### **§ 6. Generelle vilkår etter § 7 – § 10 for tilskot til avløysing ved sjukdom mv.**

Tilskot til avløysing ved sjukdom mv. etter § 7 – § 10 kan gjevast føretak med husdyrhald, heilårs veksthusproduksjon, planteproduksjon eller honningproduksjon. For føretak med planteproduksjon eller honningproduksjon kan tilskot kun gjevast til avløysing i onnetida.

Slikt tilskot gjevast til dekking av dokumenterte lønsutgifter til avløysar, utgifter til landbruksvikar eller utgifter til kjøp av avløysartenester frå eit avløysarlag eller ein avløysarring.

Det kan kun gjevast eitt tilskot til avløysing ved sjukdom mv. etter § 7 – § 10 for same sjukdomsperiode mv.

Den personen som det vert søkt slikt tilskot for må:

- a) ha ei næringsinntekt frå jordbruk/gartneri mv. frå føretaket på minimum 1/2 G,
- b) vera sjukmeldt mv. utover den delen det vert motteke arbeidsavklaringspengar for, eller teke i mot uførepensjon for,
- c) ta i mot mindre enn 75 % arbeidsavklaringspengar og/eller uførepensjon, og
- d) vera under 70 år.

0 Endra ved forskrift 5 feb 2010 nr. 117 (i kraft 1 mars 2010).

#### **§ 7. Tilskot ved sjukdom**

Det kan gjevast tilskot dersom den personen som det vert søkt tilskot for er sjukemeldt frå arbeid i føretaket.

Når den det søkjast tilskot for har vore sjukemeldt i tilsaman 365 dagar dei tre siste åra, opphøyrer retten til tilskot. Tilskotet kan gjevast att når den som det vert søkt tilskot for har vore heilt arbeidsfør i 26 veker.

Ved delvis sjukemelding vert den maksimale dagsatsen for tilskotet og for føretaket redusert etter sjukemeldingsgraden.

0 Endra ved forskrift 22 okt 2007 nr. 1168 (i kraft 1 jan 2008).

#### **§ 8. Tilskot ved svangerskap, fødsel, og adopsjon av barn under 15 år**

Det kan gjevast tilskot når den personen det vert søkt tilskot for er gravid og tek i mot svangerskapspengar.

Det kan gjevast tilskot når den det vert søkt tilskot for tek i mot foreldrepengar etter folketrygdlova. I to veker før fødsel til tre veker etter at barnet er kome heim, kan det òg ytast tilskot til faren i inntil 14 samanhengande dagar dersom han bur saman med mora til barnet, og ho ikkje tek i mot tilskot for desse dagane. Same rett gjeld òg ved adopsjon.

Elles gjeld reglane i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven) § 14-4 til § 14-18 så langt dei høver.

0 Endra ved forskrift 30 nov 2012 nr. 1113 (i kraft 1 jan 2013).

#### **§ 9. Tilskot ved sjukt barn**

Det kan gjevast tilskot når den personen det vert søkt tilskot for har barn under 16 år med kronisk sjukdom eller følgjer sjukt barn under 12 år eller funksjonshemma barn under 16 år til behandling på sjukehus, institusjon eller spesialist.

Tilskotet kan gjevast inntil 20 dagar pr. år for kvar av foreldra. For einslege foreldre kan det gjevast tilskot i inntil 40 dagar pr. år.

#### **§ 10. Tilskot ved dødsfall**

Det kan gjevast tilskot for attlevande ektemake/sambuar, barn eller foreldre til avdøde som oppfylte vilkåra i § 3 og § 6.

Tilskotet vert gjeve i inntil 8 veker etter dødsfallet. Det vert ikkje avkorta for sjukepengar i dette høvet, jf. § 11.

### § 11. Reduksjon i tilskot ved sjukdom mv.

Ytingar som søkjar kan få – frå folketrygda, i pensjon, i godtgjersle for tapt arbeidsforteneste og i løn – skal trekkjast frå tilskotet. Slikt trekk skal likevel berre gjerast når summen av føretaket sin dagsats og ytingane nemnd ovanfor, er større enn den maksimale dagsatsen for tilskotet.

### § 12. Søknad og utbetaling

Søknad skal sendast på søknadsskjema fastsett av Statens landbruksforvaltning. Søknadsfristen for tilskot til avløyning ved ferie og fritid er 20. januar. Søknadsfristen for tilskot til avløyning ved sjukdom mv. er 3 månader etter siste dag som gjev rett til tilskot.

Føretak som søker om tilskot må oppgje organisasjonsnummer.

Tilskotet kan ikkje overdragast til eige eller pant.

Tilskotet vert utbetalt til søkjaren, avløyssarlag eller til avløyssarring.

### § 13. Administrasjon, dispensasjon og klage

Vedtak om tilskot etter denne forskrifta gjerast av kommunen. Fylkesmannen kan i særskilte høve dispensera frå reglane i denne forskrifta.

Vedtak som er gjort av kommunen kan klagast til fylkesmannen. Vedtak som er gjort av fylkesmannen kan klagast til Statens landbruksforvaltning.

Statens landbruksforvaltning kan gje nærare føresegner til denne forskrifta, herunder nærare krav til dokumentasjon og rapportering.

### § 14. Opplysningsplikt og kontroll

Føretak som vert gjeve tilskot etter denne forskrifta er pliktig til å gje alle dei naudsynte opplysningar som kommunen, fylkesmannen eller Statens landbruksforvaltning gjer krav på.

Kommunen, fylkesmannen og Statens landbruksforvaltning fører tilsyn med at utbetaling av tilskot etter denne forskrifta er rett, og kan under dette føreta stadleg kontroll hos føretak som mottek tilskot. Føretaket er pliktig til å yte bistand ved kontroll.

### § 15. Retting og avkorting av tilskotet mv.

Feil i utbetalt tilskot kan rettast, anten ved etterbetaling eller ved krav om attendebetaling frå den som mottek tilskot. Feil utbetalt tilskot kan også motreknast i seinare utbetalingar av tilskot.

Dersom søknaden om tilskot er sendt inn for seint eller inneheld urette opplysningar, kan kommunen gjere ei avkorting i tilskotsbeløpet, eller avslå utbetaling.

Dersom føretaket driv eller har drive si verksemd i strid med reglane for jordbruksverksemd, kan heile eller delar av tilskotet som tilfell føretaket avkortast.

Det kan krevjast forseinkingsrente i medhald av lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m. for det beløp som krevjast betalt attende.

### § 16. Kva tid forskrifta tek til å gjelde

Denne forskrifta tek til å gjelde frå 1. januar 2007. Frå same tid blir forskrift 23. november 1998 nr. 1086 om tilskott til avløyning oppheva.